

23/2010

NOTAT

Stig Helset

OM KUNNSKAPSGRUNNLAGET FOR NORMERINGA AV DET NYNORSKE SKRIFTSPRÅKET



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

Forfattar	Stig Helset
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/notat

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manusset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

I denne artikkelen skal vi drøfte kunnskapsgrunnlaget for normeringa av det nynorske skriftspråket. Vi tek utgangspunkt i arbeidet med den nye nynorsknormalen, før vi rettar søkjelyset mot ein ny normeringsstrategi som baserer seg på statistisk korrespondanseanalyse av digitalisert korpus.

Den underliggjande premissen for artikkelen er at dei fleste unge strevar med å skrive korrekt nynorsk. At dette stemmer for elevar som har nynorsk som sidemål i skulen, er vel så grundig omtala at ein knapt treng leggje fram dokumentasjon på det. Men mykje tyder på at påstanden også stemmer for elevar som har nynorsk som hovudmål i skulen (jf. Fiskerstrand 2008:107) og jamvel også for lærarar og lærarstudentar som skal undervise i norsk (jf. Kulbrandstad 1996, Omdal 1998 og Wetås 2001). Vi tek det vidare for gjeve at dette er ein medverkande faktor til det faktum at ein stendig lægre del av folkesetnaden nyttar nynorsk som sitt skriftspråk (jf. Grepstad 2010, Kapittel 3:4).

Dersom desse premissane held mål, vil det vere interessant å drøfte årsakene bak. Fleire har halde fram bokmålsdominansen i den norske offentlegheita som ei viktig forklaring på denne trenden: Når dei unge nesten utelukkande møter bokmål (og engelsk) i pressa og media elles, er det vanskeleg for dei å tileigne seg kunnskapar om nynorsk rettskriving, og dermed sluttar mange av dei å bruke nynorsk når dei får sjansen til det. Den sida av saka skal ikkje stå i fokus her. Men i forlenginga av dette resonnementet kan ein halde fram at ei anna utfordring for dei som strevar med den nynorske rettskrivinga, er at dei mellom den vesle mengda av nynorske tekstar som dei blir presenterte for, møter ein sær stor *variasjon* av ulike former for nynorsk. Dette har samanheng med at gjeldande nynorsknorm opererer med ei rekkje jamstelte hovudformer, samstundes som han opnar opp for at alle nynorskbrukarar som ikkje skriv innanfor det offentlege, kan velje mellom ei rad sideformer – og at dei ulike brukarane av skriftspråket faktisk nyttar denne valfridomen¹. Dermed kan det vere ekstra vanskeleg for dei unge å danne seg ei oppfatning av kva som er korrekt nynorsk og endå vanskelegare for dei å tileigne seg språkleg kompetanse om kva for nokre av dei tillatne formene som høyrer i hop innanfor ulike lag av språket.

Slik kan ein argumentere for at ei meir snever norm kan gjere det enklare å tileigne seg kompetanse i nynorsk rettskriving, og at dette i neste omgang kan bidra til å auke bruken av nynorsk som skriftmål. Språkrådet (2009:a) synest å resonnerer på denne måten, for i 2009 sette styret ned ei nynorsknemnd som fekk mandat til å lage «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer, der målet er å etablere ei norm som gjer det lettare å vere nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid.»²

¹ Det at gjeldande nynorske skriftspråksnormal har stor valfridom jamført med andre etablerte skriftspråksnormalar, botnar i ulike historiske tilhøve som ikkje vil bli vidare utgreia eller drøfta her.

² I mandatet ligg det rett nok også at norma skal vere slik at ho appellerer «til språkbrukarar frå heile landet og gir rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar », noko som kan stå i motsetning til ønsket om at norma skal vere «tydeleg, enkel og stram». Vi kjem attende til det aspektet ved normeringsproblematikken nedanfor.

Det er likevel eit ope spørsmål kva for kunnskapsgrunnlag som bør ligge til grunn for innsnevringa i den nye norma, og det er nettopp dette spørsmålet som vil stå i fokus her. På generelt grunnlag kan ein seie at nynorskemnda har fått enklare rammer enn tidlegare rettskrivingsnemnder, i og med at ein har gått bort frå tidlegare freistnader på målpolitisk styring i retning av samnorsk og sterk vektlegging av det heller sprikande talemålsgrunnlaget.

Nynorskemnda har såleis vedteke desse prinsippa i arbeidet for å forenkle norma (Språkrådet 2009:b): «1. Nynorsken skal normerast på eigen grunn. 2. Normeringa skal skje ut frå *skriftspråkleg* tradisjon og praksis [Vår uth.] 3. Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt. 4. Lite brukte former skal som hovudregel takast ut av norma, medan variantar som står sterkt, skal jamstellast.»

For første gong i den over hundre år lange og heller omfangsrrike normeringshistoria til det nynorske skriftspråket har nemnda altså valt å leggje hovudvekta på skriftspråkleg tradisjon og praksis, sjølv om ein også vil ta omsyn til talemålsformer med stor geografisk utbreiing. Den mest berrsynte føremonen ved å bruke skriftleg materiale som grunnlag for normeringa, er jo at det er meir stabilt og handgripeleg enn munnleg materiale. Slik blir det enklare å gjennomføre systematiske samanlikningar av ulike former og å telje frekvens – særleg i digitaliserte tekstkorpus. Dessutan er den nynorske skrifttradisjonen etter kvart så pass lang og omfangsrik at det skriftfesta materialet er tilstrekkeleg i seg sjølv. Ein får inntrykk av at nemnda legg til grunn eit breitt utval av tekstar, slik som eksamenssvar på ulike trinn i skulesystemet, lærebøker, aviser, offentlege nettstader og ikkje minst Det nynorske tekstkorpus, Ordbanken og Norsk Ordbok. Det har sine føremoner i samband med idealet om representativitet, men samstundes har det også problematiske sider. For det første er det altså slik at den faktiske nynorske språkbruken varierer særst mykje både innanfor og utanfor rammene av den vide norma, noko som kan gjere det svært vanskeleg å leie ut eit slags minste felles multiplum ut frå eit så samansett materiale. For det andre gjev det nemnda ei utfordring i høve til kor stor vektning den nynorske tradisjonen skal ha kontra den faktiske nynorske språkbruken i dag. For det tredje ser det ut til at nemnda tek mål av seg å granske tekstmaterialet ved manuell lesing med svært korte tidsfristar, noko som inneber at det berre kan vere tale om oversynslesing og punktgranskingar – i tillegg til frekvensteljingar av einskildord og einskildformer i større tekstkorpus. I dette lyset bør ein vurdere å bruke metodar med høgare vitskapleg forankring for å framskaffe eit kunnskapsgrunnlag for normeringa av det nynorske skriftspråket.

Språkrådet (2009:c) har då også finansiert eit pilotprosjekt der ein har testa ut ein metode som har ei slik forankring. Veldig forenkla kan ein forklare metoden slik: For nynorsken sin del har ein plukka ut til saman 35000 artiklar (12 millionar ord) frå dei 20 mest produktive skribentane i tidsrommet 2000-2009 i følgjande aviser: *Bergens Tidende*, *Dag og Tid*, *Hallingdølen*, *Klassekampen*, *Nationen* og *Sogn Avis*. Éin tekst er definert som alt ein skribent har skriva i ei avis. I ein tekst blir kvar ordform automatisk merka med oppslagsord og bøyingsform, og ei kvar ordform som kunne ha vore bøygd på ein annan måte, blir registrert automatisk. Via statistisk korrespondanseanalyse kan ein så lokalisere meir eller

mindre tydelege normklynger³ i eit fleirdimensjonalt rom. Ordformer som har ein tendens til å opptre saman i tekstane, hamnar nær kvarandre i rommet. Dei minst spesielle og mest utbreidde formene, hamnar nær midten. Helge Dyvik (op.cit.), som presenterte prosjektet på språkdagen 2009, konkluderer med at pilotstudien viser at metoden kan avdekke interessante mønster, og han reknar med at den vil vere eigna til å gje eit oversyn over det han kallar dei operative skriftspråksnormene i norsk dersom ein raffinerer den og får inn meir representative tekstsamlingar. I det følgjande vil vi drøfte i kva grad resultatet ein oppnår ved statistisk korrespondanseanalyse av tekstkorpus er eigna som kunnskapsgrunnlag for normeringa av det nynorske skriftspråket.

Dyvik (2009:119) argumenterer andre stader for at offisiell språknormering nettopp bør skje på grunnlag av dei nemnde operative normene i skriftspråket. Med dette meiner han dei traderte og stillteiande konvensjonane som finst i eit språksamfunn om korleis ein kan setje saman språklege uttrykk og kva dei tyder, og som dermed mogleggjer og regulerer den faktiske språkbruken⁴. Dermed bør utgangspunktet for den offisielle, preskriptive normeringa vere den faktiske skriftfesta språkbruken. Hovudargumentet til Dyvik (op.cit:114ff) er at dei færraste er villege til å bruke politisk vedtekne normer (av den typen ein såg mange av under samnorskpoltikken) som ikkje samsvarar med dei operative normene, og at den jamne språkbrukaren ikkje er i stand til å skaffe seg oversyn alle moglege former som har vore tilletne som ein konsekvens av den store opninga for talemålsformer. Vi ser at Dyvik så langt er på linje med dei to første (og viktigaste) normeringsprinsippa som er knesette av nynorsknemnda. Men det kan synest som om han vil gå eitt steg lengre enn nemnda når det gjeld å avgrense og prioritere grunnlagsmaterialet for normeringa:

Dette språksamfunnet har stor geografisk og sosial spredning, og det har uunngåelig en hierarkisk struktur som følger av at noen leser og skriver betydelig mer enn andre, og av at noen leses av adskillig flere enn andre. Dette fører til den kanskje udemokratiske, men likevel uomgjengelige konklusjon at ikke alle skriftspråkets språksamfunn er like sentrale bærere av skriftspråkets operative normer. (...) Språknormering i den post-samnorske ære bør dermed ta utgangspunkt i observasjon av utviklingstendenser i det eksisterende skriftspråket, altså operativ norm. I en slik observasjon er det uunngåelig at tekster sorteres etter utbredelse, innflytelse og kvalitet.(Dyvik 2009:113 og 119).

Vi ser her korleis Dyvik argumenterer for at normeringsgrunnlaget i første rekkje bør vere tekstar skrivne av skribentar med tung, skriftleg kompetanse – slik ein kan tenke seg å finne f.eks. i seriøse aviser og fagbøker, men kanskje ikkje i eksamenssvar frå grunnskulen og iallfall ikkje i sms-meldingar. Ovanfor peika vi på at det breitt samansette tekstgrunnlaget til

³ Med «normklynge» skal vi her forstå opphoping av tekstar kring visse samanhengande sett av formval. Dersom det reint hypotetisk er slik at dei fleste tekstane i eit gjeve materiale er skrivne innanfor ei relativt einsarta subnorm som ein kan kalle moderat nynorsk, vil dette kome til syne som ei tydeleg normklynge rundt dei moderate formvala, medan dei andre tekstane vil vise større spreining i normrommet elles (Dyvik 2009a:21).

⁴ Ontologisk sett byggjer dette på tanken om at språk er eit sosialt fenomen – og ikkje eit mentalt fenomen, slik f.eks. Noam Chomsky argumenterer for. Samstundes er det klart at eksistensen av eit språk føreset eit samspel med individets kunnskap om språket – jf. Dyviks (2009b:113f) referanse til verd 3 hjå vitskapsfilosofen Karl Popper. Vi kjem attende til den ontologiske diskusjonen nedanfor.

nynorskmemnda kan skape problem ved at ein får med språklege former med låg frekvens, former som ikkje høyrer så godt i hop innanfor ein og same teksten – og jamvel former som ligg utanfor eksisterande norm, noko som i sin tur kan gjere det vanskeleg å finne eit minste felles multiplum. Med den utvalstankegangen som Dyvik skisserer, kan ein minimere denne typen problem. Samstundes vil ei for sterk innsnevring av normeringsgrunnlaget kunne skape vanskar andre vegen ved at ein endar opp med eit élitenspråk. Ein av dei som argumenterer sterkast mot å bruke skriftspråka hjå dei kulturelle maktsentra som utgangspunkt for normeringa, er Helge Sandøy (2005:96f), som ynskjer at normeringa bør skje på eit breiast mogleg grunnlag, inkludert ulike talemålsvariantar: «Stenger ein ute dette breie studieperspektivet og avgrensar seg bare til å beskrive det konvergente språket, definerer ein seg bort frå dei politiske sidene ved språket.» Dyvik (2009:115 og 118) er samd i at ein nær samanheng mellom makt og norm, og at ein må ta høgde for dette i den offisielle normeringa, men held fram at alternativet til Sandøy eigentleg representerer «fravær av norm». Sjølv om Dyvik trekkjer det vel langt her, syner argumentasjonen ovanfor at vi langt på veg er samde med han. Dersom ein brukar Sandøy sin strategi, vil ein nemleg fort ende opp med ei anna form for élitenspråk, nemleg eit som har så stor valfridom at berre eit mindretal av språkbrukarane er i stand til å skilje mellom tillatne og ikkje-tillatne former, og endå færre har kompetanse om kva for former som høyrer i hop. Vi har argumentert for at denne typen problem er endå større for nynorskbrukarar enn for bokmålsbrukarar.

Ut frå eit meir grunnleggjande vitskapsteoretisk perspektiv kan ein også stille spørsmål om det i det heile teke er forsvarleg å slutte frå deskriptive utsegn til normative utsegn eller frå «er» til «bør», slik den nemnde metoden føreset. I tidlegare tider gjekk ein ut frå at ei skildring av korleis verda er, kan seie oss noko om korleis den bør vere, men David Humes kritikk av dette synet har fått stor innverknad på seinare vitskapsfilosofisk tenking (Fjelland 1999:52). Nokre vil slik hevde at dersom ein let empirien normere norma, så har ein samstundes gjeve opp ideen om språknormering. Denne typen tankegang finn ein att hjå strategane bak språkreformene i 1917 og 1938, som hadde store tankar om å konstruere eit skriftspråk som var i samsvar med deira politiske ideal, nemleg samnorsken. Dei hadde såleis det som Sandøy (2005:93) omtalar som eit *konstruktivistisk* syn på språket. Dyvik (2009:114f) forkastar altså tanken om at det er mogeleg å drive denne typen proaktiv språknormering som går på tvers av dei operative normene – og viser både til den manglande viljen den jamne språkbrukaren hadde til å akseptere samnorskformene og til den private normeringa som oppstod i avisredaksjonar og forlag som motreaksjon til samnorskprosjektet. Han meiner at normeringa må ta utgangspunkt i skriftspråkleg praksis nettopp fordi «språket er slik det er», og slik representerer han det som Sandøy (op.cit.) omtalar som eit *essensialistisk* syn på språket. Sandøy (op.cit:94) sjølv synest å ha det same essensialistiske grunnsynet på språk som Dyvik. Rett nok stiller han seg sterkt kritisk til å favorisere (det konvergente) skriftspråket på kostnad av talespråket som normeringsgrunnlag, i det ein då berre avpolitiserer striden ved å skjule «det som er eit *bør*, med å framstille det som eit *er*». Vi kan likevel ikkje sjå det annleis enn at også han vil bruk empiri som normeringsgrunnlag, nemleg den empirien som ein finn i mangfaldet av norske dialektar, og det vil vel i så tilfelle også vere å framstille det som er eit *bør*, som eit *er*. Alternativet er rett og slett fråvær av norm.

Med dette meiner vi å ha vist at det er vanskeleg å unngå ei eller anna form for empiri i samband med skriftspråksnormering – med mindre ein innfører fullstendig stalinistiske metodar.

Det er interessant nok òg mogleg å kaste lys over det nemnde vitskapsteoretiske spørsmålet ved å setje utviklinga av korrespondanseanalysen som metode i samband med ein paradigme­kamp innanfor språkvitskapen. Mange set kanskje metoden i samband med den kjende franske sosiologen Pierre Bourdieu, men det var hans landsmann Jean-Paul Ben­zéc­ri som først utvikla den på midten av 60-talet. Benzéc­ri var eigentleg statistikar, men han hadde stor interesse for lingvistikk, og hans utgangspunkt var nettopp «eit ynskje om å lage ein *induktiv og eksplorerande* teknikk for analyse av lingvistiske data, i protest mot datidas deduksjonistiske lingvistikk» (Hovden 1997).

Med «datidas deduksjonistisk lingvistikk» siktar ein her sjølv­sa­gt Noam Chomskys (f.eks. 1965) teoriar om djupstrukturar i språket og universalgrammatikken. Det vil her føre for langt å gå i djupna på kva desse teoriane inneber. I denne samanhengen skal vi nøye oss med å slå fast at dei m.a. baserer seg på postulatet om at språket er ein medfødd mental modul i hjernen på mennesket, sjølv om det kan anta noko forskjellig form i overflatestrukturen, alt etter kva for språklege stimuli ein blir utsett for. Metoden for å avdekke djupstrukturane som ein reknar for gjevne innanfor dette paradigmet, kan seiast å vere typisk modell­driven, hypotetisk-deduktiv og konfirmerande: Ein set fram hypotesar om kva for djupstrukturar som ligg i botnen og freistar å få desse verifiserte ved å vise korleis dei kjem til uttrykk i overflatestrukturen via visse transformasjonsreglar.

Det synest vere semje om at teoriane til Chomsky representerte eit nytt paradigme innanfor språkvitskapen – i opposisjon til det strukturalistiske paradigmet som Ferdinand de Saussure (1967 [1916]) hadde lagt grunnlaget for. Vi vil likevel understreke at det «ikkje-mental­istiske» paradigmet på ingen måte blei fortrent av den chomskyanske revolusjon. For som vi har sett, reknar mange lingvististar også i dag med at språket iallfall *primært* er ei form for sosiale konvensjonar, og at det berre eksisterer *fullstendig* i kollektivet. Det meiner vi dei har rett i det, og i forlenginga av dette vil vi hevde at *induksjon* vil vere ein betre eigna metode enn deduksjon i høve til å framskaffe eit best mogleg kunnskapsgrunnlaget for normeringa av skriftspråket.⁵ Men som vi har argumentert for tidlegare, kan ein ikkje nytte «vilkårleg» induksjon i eit så viktig spørsmål. Etter vårt syn peiker korrespondanse­analysen seg ut som sær­veleigna i samband med skriftspråksnormering. Grunnen er at den set oss i stand til avdekkje og synleggjere komplekse system av relasjonar mellom store mengder data på eit veldig oversiktleg vis ved hjelp av ein-, to- eller tredimensjonale kart som diskriminerer mellom mykje og mindre brukte former i eit finmaska nettverk og får fram normklynger som

⁵ For djupare drøfting av spørsmålet, viser vi til det vitskapsteoretiske essayet «Om kunnskapsgrunnlaget for grammatiske reglar» (Helset 2010). Eit anna poeng i denne samanhengen er det faktum at mentalistisk orienterte lingvistar heilt frå Chomsky til i dag stort sett har konsentrert seg om syntaksen i språket. Vi vil på bakgrunn av den ovanforståande utgreiinga påstå at den induktive metoden og korrespondanse­analysen har klare komparative føremoner i samband med *normering* av språket, som jo vanlegvis går det fonologisk og morfologisk planet.

syner kva for former som høyrer i hop. Samstundes vil vi presisere at sjølv tilhengarar av metoden av same grunn åttvarar mot faren for feil- eller overtolkingar av kartet (op.cit.).

I denne artikkelen har vi argumentert for at det vil vere i nynorsken si teneste å snevre inn normalen, noko som også ligg i mandatet til nynorskemnda som er sett ned av Språkrådet. Vi har freista å vise at nemnda kan få eit meir systematisk kunnskapsgrunnlag enn tidlegare rettskrivingsnemnder ved å leggje hovudvekta på ulike skriftlege kjelder. Samstundes har vi peika på visse metodologiske veikskapar ved arbeidsprosessen. Derfor har vi også drøfta statistisk korrespondanseanalyse som metode og argumentert for at denne kan gje eit meir vitenskapleg kunnskapsgrunnlag for normeringa av det nynorske skriftspråket. Samstundes har vi sett at også denne metoden har sine avgrensingar, særleg dersom tekstutvalet blir for snevert eller i for stor grad blir prega av makta sitt språk. Derfor skal konklusjonen på denne artikkelen vere at den beste normeringsstrategien hadde vore om ein tok utgangspunkt i dei vitenskaplege funna frå den statistiske korrespondanseanalysen av tekstar skrivne av kompetente nynorskbrukarar, før ein korrigerer dette med funn frå det meir samansette materialet som nynorskemnda nyttar og på dette grunnlag kom fram til ein enkel, tydeleg og stram norm som kunne vere stabil over tid.

Litteratur

Chomsky, N.: *Aspects of the Theory of Syntax*. Cambridge, Mass.: MIT Press 1965.

Dyvik, H.: «Normering i den postsammnorske æra» I: Omdal, H. og Rørstad, R. (red.): *Språknormering – i tide og utide?* s. 109-121. Novus forlag. Oslo 2009.

Fiskerstrand, P.: *Den internaliserte nynorsknormalen: om oppfatta nynorsk hos eit utval nynorskelevar*. Masteroppgåve, Universitetet i Agder 2008.

Fjelland, R.: *Innføring i vitenskapsteori*, Universitetsforlaget, Oslo 1999.

Grepstad, O.: *Språkfakta 2010*. Ørsta 2010. (www.spel.aasentunet.no/Sprakfakta/)

Helset, S.J.: «Om kunnskapsgrunnlaget for grammatiske reglar», uprenta vitenskapsteoretisk essay, Vestnorsk nettverk – Forskarutdanninga, UiB 2010.

Hovden, J.F.: «Eit forsøk på å konstruere eit felt for personleg datakommunikasjon ved hjelp av Pierre Bourdieu sin praksisteori.» Hovudfagsoppgåve i sosiologi, Sosiologisk Institutt ved Universitetet i Bergen, oktober 1997. (<http://www.fou.uib.no/fd/1998/h/710001/vedg.htm>)

Kulbrandstad, L.: «Språknormering og pedagogikk. Valfrihet i rettskrivinga – til hjelp eller forvirring?» I: Omdal, H. (red.): *Språknormering og språkbrukarar. Artiklar frå seminar ved Universitetet i Bergen*, s. 131-148. Kristiansand: Høgskolen i Agder, Avdeling for humanistiske fag 1996.

Omdal, H.: «Når språket skaper problemer. Om informasjonskløfter og språkkløfter.» *Språknytt 2* 1998, s. 5-9.

Sandøy, H.: «Frå en levende organisme» til språklig «usus». I: Alhaug, G., Mørck, E., Pedersen, A.-K. (red.): *Mot rikare mål å trå, Festskrift til Tove Bull*, s. 93-106. Oslo: Novus forlag 2005.

Saussure, Ferdinand de: *Cours de linguistique générale*. Paris. Éditions Payot et Rivages 1967 [1916].

Wetås, Å.: *Korleis opplever brukarane normsituasjonen i nynorsk?* Uprenta rapport. Oslo: Norsk språkråd 2001.

Språkrådet 2009 (a): <http://www.sprakrad.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/Mandatet/>

Språkrådet 2009 (b): <http://www.sprakrad.no/upload/Rettskrivingsnemnda/2010-04-14%20Ref%20%20nemnda.pdf>

Språkrådet 2009 (c): <http://www.sprakrad.no/Toppmeny/Aktuelt/Sprakdagen/Sprakdagen-2009/>